

# Berekraftig intensivering i grovfôrproduksjonen



Anne Kjersti Bakken og Håvard Steinshamn, NIBIO  
anne.kjersti.bakken@nibio.no

I sesjonen med tittel «Bærekraft - produksjon», har vi vorte inviterte til å drøfte om det er muleg å intensivere norsk grovfôrproduksjon på ein berekraftig måte. Vi har sjølve lagt til ein ambisjon å diskutere kvifor slik intensivering eventuelt skulle vere eit mål for dei grovfôrbaserte husdyrproduksjonane, ut frå ulike perspektiv.

Med intensivering forstår vi i denne samanhengen enten ein auke i bruken av innsatsfaktorar per eining levert produkt, eller ein auke i utbyttet per eining av innsatsfaktor. Sidan areal og arealkonfliktar er eit viktig tema for konferansen, vil også sjå på dyrkajord som innsatsfaktor. Dermed kjem bruk av meir areal for å oppnå same eller større avling enn før, også inn i diskusjonen.

## Spørsmåla vi konkret tar opp er:

- Treng vi meir mjølk og drøvtyggarkjøtt
- Treng vi meir og/eller betre grovfôr
- Utfordringar og målkonfliktar knytta til ein auke i grovfôrarealet
- Korleis auke mengde, målt som omsetteleg energi, per arealeining
  - meir effektiv og/eller intensiv jord- og plantekultur?
  - justere artsval og vekstfølgjer?
  - finne og bruke smartare hauste- og beiter regime?
  - minke svinn i konservering og utfôring?
- I kva grad tiltaka over er muleg å gjennomføre
- I kva grad tiltaka over er miljømessig berekraftige

## Kriteria og kategoriar

### for vurdering av miljømessig berekraft

- Klimagassutslepp per produsert eining mjølk og kjøtt, og for den norske totalrekneskapen
- Forsuring og eutrofiering
- Økosystemtenester frå landbruket

## Tentative konklusjonar

- Vi trur ikkje etterspurnaden etter mjølk og kjøtt frå drøvtyggarproduksjonane vil auke
- Vi trur at avdråtten i desse produksjonane vil flate ut
- Vi trur at grovfôrandelen i rasjonane vil vere som no eller auke
- Vi trur at strukturutviklinga vil bli slik at mange enkeltbruk vil måtte produsere meir og betre grovfôr på areala nært fjøset
- Vi trur at det totale (nasjonale) grovfôrarealet vil gå ned
- Vi trur det er muleg å auke utbyttet i grovfôrproduksjonen per arealeining utan at nitrogen-, energi- og arbeidseffektiviteten per produsert eining går ned.
- Vi trur at miljømessig berekraft framleis vil vere ei utfordring for drøvtyggarbasert matproduksjon, så vel som for andre husdyrproduksjonar og planteproduksjonar i landbruket.